

# ÅRSRAPPORT FRÅ STATENS NATUROPPSYN TIL NASJONALPARKSTYRET FOR JOTUNHEIMEN OG UTLADALEN 2014

Mot Langedalen

SNO tilsette: Rigmor Solem

I tillegg er det  
av: Lom  
Vågå  
Årdal  
Stiftinga  
Naturhus i  
Utladalen  
Luster,  
Beitelag i  
Vetti i Luster



kjøpt tenester  
fjellstyre,  
fjellstyre,  
fjellstyre,  
Utladalen  
Årdal,  
Sameige i  
Storådalen  
Lom og Geirr

## **1. Oppsynsaktivitet: kontroll/tilsyn, informasjon mv**

Kort orientering i henhold til faktisk aktivitet og bestillingsdialogen (skjema A):

Oppsyn i felt: 1699 timer (inkl reise og klargjering)

Kontor/møter/samlingar/adm: 951 timer

Informerte i felt (naturrettleiing sjå eig pkt): 2138 personar

Kontrollerte: 15

Advarslar: 3

Rapport til nasjonalparkstyret: 2

Aktivitet mht rovvilt rapporteres gjennom rovbasen og er ikkje med i denne rapporten.

### **Villrein**

#### *Kort om aktivitet*

Dei seinare åra har SNO hatt eit spesielt fokus på villreinstamma i Vest-Jotunheimen. Dette skuldast ein kraftig nedgang i åra 2006 – 2009. Etter mange år med jaktfreding vart det i år opna opp for jakt att. Oppsyn i samband med store arrangement i området rundt Turtagrø, tidleg brøyting av Tindevegen og utfarten utpå vårvinteren har vore prioritert.

#### *Utviklingstrekk/utfordringar*

Villreinflokken brukar delar av NP i området Soleibotn-Svartafjellet-Fanaråken heile vinteren.

Store delar av flokken brukar området aust for Tindevegen store delar av vinteren.

Simle/ungdyr drog vestover i mars.

60 - 70 bukkar vart verande heile sommaren. Nokre få bukkar på austsida av Hurrungane.

Kalving rundt 10.mai (rundt 1 mai i fjor). Middels store kalvar følt under jakta. 390 dyr før kalving.

Opning av jakt att frå 20. august – 10. september. Felles jakt. Dei største bukkane var over 80 kg. Den største var 96 kg.

Som det er sagt tidlegare år er nok brøytinga av «Tindevegen» tidleg i mai ei utfordring for reinstrekket mellom halvøya og områda austafør. Meterhøge brøytekantar vert ei fysisk sperre som hindrar reinstrekket til/frå gode vårbeite i Austabotn og Gravdalen.

#### *Anbefalte oppfølgingspunkt neste år*

Villrein og ferdsel er eit tema som bør følgjast opp. Spesielt gjeld dette i samband med dei store arrangementa i området Turtagrø/Fanaråken/Hurrungane og rundt opning av Tindevegen i månadsskiftet april/mai.



Bukkar beitar ved Skautehaugane i 10. juni

## **Rovfuglar, ugler og andre fuglar**

### *Kort om aktivitet*

Under oppsynsturane i Utladalen er kongeørn registrert med jamne mellomrom heile året, men det vart ikkje påvist hekking ved dei kjente reirplassane i år. Tårnfalk vart observert hyppig. Likeins som i fjor var det mykje lemen å sjå. Kattugle vart sett og hørt på dei faste plassane i området Hjelle- Avdalen.

I Knutshø vart det påvist hekking av kongeørn i år ved den kjente reirlokaliteten. Ein unge vart observert på reiret fleire gong i løpet av sommaren. Fjellvåk og jaktfalk vart observert fleire plassar i verneområda.

Ein liten auke i rypebestanden, spesielt var det ein del meir stamfugl av fjellrype å sjå utover seinvinteren.

Artsobservasjonane er lagt inn i artsobs.

### *Utviklingstrekk/utfordringar*

Da det var til dels mykje smågnagarar, spesielt i vest, var det nok eit godt år for smågnagarspesialistane tårnfalk og kattugle.

### *Anbefalte oppfølgingspunkt neste år*

Halde fram registreringsarbeidet, med spesielt vekt på hekketida utover vinter og vår. Følgje spesielt med aktivitet som kan uroe i den sårbare tida for hekking/ynghing.

## **Kontroll av dispensasjonar**

### *Kort om aktivitet*

I løpet av året er det utført ein del kontrollar for å sjekke at aktiviteten skjer i samsvar med dispensasjonar.

### *Utviklingstrekk/utfordringar*

I enkelte høve blir vilkåra i løyve til nyttekjøring strekt vel langt. Også i år er det meldt frå til nasjonalparkstyret om dette.

### *Anbefalte oppfølgingspunkt neste år*

Halde fram kontroll av dispensasjonar.

## **Ulovlege tiltak**

### *Kort om aktivitet*

Rapportering til nasjonalparkstyret og Lom kommune om brenning av søppel oppe på Galdhøpiggen. Dette vart vidare meldt til politiet.

Rapportering til nasjonalparkstyret om unødig bruk av motorisert kjøretøy ved turistbedrift. Ulovleg merking vart påvist ved Jostigen også dette året. Merking vart fjerna.

### *Utviklingstrekk/utfordringar*

Viktig at vilkåra i dispensasjonar blir kommunisert godt til den/dei som i praksis skal utføre tiltaket eller transporten.

## *Anbefalte oppfølgingspunkt neste år*

Følgje opp dispensasjonar og varsle frå til nasjonalparkstyret ved avvik frå vilkåra. Følgje nøyne med tilstanden langs Jostigen.

## **Arrangement**

### *Kort om aktivitet:*

Det er mange store arrangement i og nær ved nasjonalparken og landskapsvernombordet. Og SNO prioriterar å vere tilstades ved desse arrangementa for å sjå til at alt føregår på ein berekraftig måte. I dei fleste høve er vi i dialog med arrangørane både før, under og etter arrangementa.

### *Utviklingstrekk/utfordringar*

High Camp Turtagrø i mai, Vinjerock ved Eidsbugarden i juli, Målrock ved Utladalen Naturhus i august og Fjellfilmfestivalen ved Gjendesheim i september er dei fire største med over 1000 deltakarar. Det blir arrangert mange turar inn i nasjonalparken. I sjølve festivalområdet er lydnivået spesielt høgt under desse store arrangementa. Teltleirar slit på vegetasjonen. Påverknaden på dyre- og fuglelivet er vanskeleg å dokumentere. Men, det er tydeleg å sjå at villreinen i Turtagrøområdet trekkjer unna under High Camp-helga i den sårbare tida for villreinen i mai.



Teltleiren ved



Fjellfilmfestivalen ved Gjendesheim i september

## *Anbefalte oppfølgingspunkt neste år*

Viktig at oppsynet er tilstades og godt synleg ved dei ulike arrangementa. Viktig å halde fram den gode dialogen med arrangørane.

## **Informasjon og naturvegleding:**

### *Kort om aktivitet*

Informasjonsplakaten ved Eidsbugarden vart erstatta med ny, men viste seg å vere feilprodusert og den vart levert inn til opprettning etter sommarsesongen.

Ekstra mange verneområdeskilt ved grensene vart skifta ut i år. Dei nye skilta tåler dårlig å stå meir enn eit par år, før dei flassar av.

Prøveprosjektet med eigne naturvegledarar i Jotunheimen har vore vidareført også dette året med 1 sesongtilset naturvegledar i høgsesongen. I rapporten frå Ingvild Øyjordet går det fram at ho har vegleda i alt 1200 personar både ved tilfeldige møte i felt og opplegg ved turisthyttene. I oppsummeringsrapporten skriv Ingvild: «*Møte med besøkjande i felt gjev rom for områdespesifikk naturveiledning. ....Quiz og foredrag på turisthyttene på kveldstid er viktige supplement til dei tilfeldige møta. Her når ein eit større publikum med mykje naturkunnskap på relativt kort tid*». Gode attendemeldingar og erfaringar gjer sitt til at prosjektet bør vidareførast.

I tillegg er det lagt vekt på god naturvegleding av det faste oppsynet (1566 personar). Her kan spesielt nemnast nysatsinga «Barnas naturoppsyn», eit vegledingsopplegg i samarbeid med barneskulane i kommunane rundt Jotunheimen der ein fokuserar på sårbare artar og formidling i lokalmiljøet.

#### *Utviklingstrekk/utfordringar*

Informasjonsplakatar vert utsett for harde klimatiske tilhøve i høgfjellet, og dette krev jamnt ettersyn og utskifting. Turisthyttene har som regel minimal med plass for oppsetting av plakatar og anna informasjon. Behovet for god naturvegleding verkar å vere aukande.

#### *Anbefalte oppfølgingspunkt neste år*

Informasjonsplakaten ved Eidsbugarden bør takast ned etter kvar sommarsesong for å unngå skade i løpet av vinteren. Vidareføre produksjon og oppsetting av "roll-ups" ved turisthyttene i heile Jotunheimen. Vidareføre dei gode samarbeidstiltaka og utvikle nye når det gjeld naturvegleding. Ikkje minst gjeld dette «Barnas naturoppsyn».



Infotavlene ved Eidsbugarden



Nasjonalparkskilt i Ringsdalen



Naturveiledning ved Glitterheim



Barnas naturoppsyn ved Utladalen Naturhus



9. klassane frå Årdal prøvar Jotunheimen – quizen. Info-stand på torget i Øvre Årdal i mai

## Tilretteleggingstiltak

### *Kort om aktivitet*

SNO har også dette året hatt ansvaret for koordinering og oppfølging av fleire stiftakt. Fleire tiltak har vore vedlikehald av tidlegare restaurering. Av nye tiltak kan nemnast: Besseggensti under og over Vesleløyfti. Stien opp til Sjugurdstind frå Memurubu og øvst på stien ved Bukkelægret. Eitt punkt på stien langs Gjende der stien går heilt ned i vasskanten. Fullføring av rullestolstien ved Utladalen Naturhus.

To gamle bruver vart fjerna og to nye stokkbruver vart bygd ved Vormeli, over Maradøla og over Utla.

Hengebrua over Veslåa ved Gjende vart ramponert av flaum den 6. juli. Brua vart reparert i samarbeid med DNT Oslo & Omegn i samband med oppsynssamling ved Gjendebu 14. og 15. august.

Hengebrua over Utla ved Brendeteigen før Vettisfossen vart igjen øydelagd av flaum den 28. oktober. Førre gong var i Pinsehelga 2011. Skadane vart meldt til DNT Oslo & Omegn, med tilråding om utbetring, og dei planlegg å reparere brua utpå vårvinteren 2015.

### *Utviklingstrekk/utfordringar*

Kraftig og mykje nedbør dei seinare åra gjer at både slitasje, erosjon og direkte skade vert meir omfattande enn normalt. Ting kan skje plutselig og utan forvarsel. Det såg ein under flaumane i juli og oktober i år. Det er også store utfordringar knytt til å utføre arbeidet i område langt vekke frå bilveg og husvære. Dessutan er sesongen kort i høgfjellet. Sjølv om sommaren var både varmare og mindre nedbørsrik i år samanlikna med dei seinare åra, er det framleis vått i terrenget mange plassar. Dette gjeld m.a. i Storutladalen.

Sperregjerde og utkikkssrampen ved toppen av Vettisfossen er bygd i treverk, delvis frå Vettismorki. Dette vart første gong utført i 2003 og seinare utbetra i 2009. Sikkerheita ved dette tiltaket avheng av tilstanden på trekonstruksjonen, og ein bør gjennomføre ei grundig gjennomgang av tilstanden til våren. Vidare bør det planleggast ei utskifting av både sperregjerde og utkikkssrampa.

Ved Utladalen Naturhus er det behov for oppsetting av eit sperregjerde både mot Utla og langs rullestolvegen.

*Anbefalte oppfølgingspunkt neste år*

Fleire bruer er utset for hardhendt behandling og mange er dessutan gamle. Brua over Fleskedøla er ei av dei som bør skiftast ut neste år. DNT Oslo & Omegn er varsla og dei har planar for utskifting. Det samme gjeld den vesle brua over ein bekk ved utløpet av Vettisfossen.

Stien i øvre delen av Storutladalen bør vurderast lagt om til sørsida av dalen.. Ein slepp da unna to bruer og terrenget er mykje meir tørrlendt.



Hengjebrua over Veslåa etter flaumen i juli og etter reparasjonen i august



Hengjebrua ved Brendeteigen etter flaumen



Ny stokkbru over Utla ved Vormeli



Ny stokkbru over Maradøla ved Vormeli



Stiarbeid ved Vesleloyfti (Besseggenstien)



Våte myrparti i stien i Storutladalen



Vellykka steinsetting og revegetering ved Gjendesheim

## Kulturminner

### *Kort om aktivitet*

Arbeidet med restaurering av steinselet i Guridalen vart fullført utvendig i sommar. Nils Teigen frå Lom utførte arbeidet på oppdrag frå Utladalen Sameige. Sherpaene brukar eit par dagar på å stikke torv og legge torvtak rett etter at takarbeidet var fullført. Dette vart utført som ein del av årets tenestekjøp. Det står att å få innreie steinselet. Mange har lagt merke til at dette arbeidet er set i gang og synes det er særskilt positivt. T-stien går rett forbi sela i Guridalen.

Selet i Vormeli vart restaurert på nytt i 2009 på oppdrag frå forvaltningen. Ein ser no at steinmuren under endeveggen mot elva ber preg av sig på midten. Denne delen av muren vart ikkje restaurert i 2009.

I Hedlerlia i heimre Utladalen vart det i samband med rydding av tre og kratt rundt mange styva almetre rydda ein sti opp til ein stor hellar oppe i lia.

### *Utviklingstrekk/utfordringar*

Transport av utstyr, materialar og mannskap er ei utfordring for utføring av alt restaureringsarbeid. Det fuktige klimaet er ei utfordring på alle bygningane.

### *Anbefalte oppfølgingspunkt neste år*

Rydde busk og kratt rundt Store Hilleren i Storutladalen. Følgje med steinmuren i Vormeli.



Torvtaklegging i Guridalen i august



## **Skjøtsel**

### *Kort om aktivitet*

I samsvar med skjøtselplanane for heimre Utladalen og Gjendebuområdet vart det også i år utført omfattande slått, krattrydding, bråtebrenning, hogst og beiting ved dei ulike kulturmarkene. Arbeidet er i hovudsak utført gjennom tenestekjøp. Også i år vart det i tillegg til dei faste tenesteytarane; Stiftinga Utladalen Naturhus og Lom fjellstyre, kjøpt tenester frå Utladalen sameige og Storådalen beitelas. Slåtthelga ved Gjendebu midt i august vart vidareført i år. Eit tiltak i samarbeid med Gjendebu turisthytte og i samband med MONA-prosjektet «I Gjendine Slåliens fotspor i Jotunheimen».

Skjøtselen i heimre Utladalen startar allereie i februar/mars med rising av styva almetre. I år vart det rydda fram eit 20-tal styva almetre i Hedlerlia. Desse trea bør styvast attende til gamle styvingsspor etter eit par år. Nytt av året var at det vart nytta forhaustar under hovedslåtten i Vetti i juli.

I august vart det utført slått og hogst i Vormeli og stien frå Gjertvassdalen fram til Vormeli vart rydda for trefall og kratt. På Skogadalsbøen det hogd ein god del bjørkeskog i nordenden av bøen.

### *Utviklingstrekk/utfordringar*

Kraftig og mykje nedbør gjer arbeidet tyngre og vanskelegare. Stor slitasje på maskiner og utstyr i til dels bratt og uvegsamt terreng.

### *Anbefalte oppfølgingspunkt for neste år*

Halde fram arbeidet med fjerning av einekratt, slått av kvea og styrt beiting med geit og storfe ved Gjendebu samt den årlege skjøtselen i heimre Utladalen, Vormeli, Guridalen og Skogadalsbøen.



Forhaustar lettar slåttearbeidet i Vetti i juli



Rising av alm i Avdalen i mars



Rydding i almeskog i Hedlerli i oktober



Etter slått ved Ekrene i Avdalen i september



Etter slått og hogst ved Vormeli i august



Slåtteeng ved Skåri i april



Slåttehelg ved Gjendebu i august

## **Diverse**

Ved Trollsjøen ved Tyin vart det funne ein knust glasfiberbåt. Denne vart bunta saman og lagt opp på ein stein for utfrekting komande vinter

I Avdalen har hjort og elg beita omfattande på ung alm.

Bjørkeskogen ved vestenden av Gjende er prega av bjørkemålarangrep, og mykje skog har tørka ut.



Båtvrek ved Trollsjøen



Ung alm skadd av elg- og hjortebeite



Bjørkeskog angrepen av bjørkemålar ved Gjendetunga

## **2. Utkvittering av bestilte tiltak 2014**

Bestillinga frå Nasjonalparkstyret av tiltak frå SNO har i 2014 vore om lag som dei seinare åra. Oppdraga er rapportert gjennom tabellane på dei neste sidene.

## **SKJEMA C - Tiltak i nasjonalparker og andre verneområder** (tiltak som er tildelt midler over 1426.30 og der SNO-L er økonomisk ansvarleg og ansvarleg for gjennomføring)



## **Statens naturopsyn (SNO)**

SNO er miljøforvaltningens operative feltorgan som er myndighetsutøver etter lov om statlig naturopsyn av 21. juni 1996. Loven gir SNO-personell tilsynsmyndighet og ansvar for oppsyn med overholdelse av følgende miljølover; friluftsloven, naturmangfoldloven, motorferdselsloven, kulturminneloven, viltloven, laks- og innlandsfiskloven, markaloven og deler av forurensningsloven i hele landet, både på offentlig og privat grunn. Oppgaven er todelt og retter seg både mot tilsyn og overvåking av naturtilstanden og tilsyn med menneskets atferd i naturen i forhold til gjeldende regelverk.

Den nasjonale ledelsen i SNO ligger i Direktoratet for naturforvaltning (DN) i Trondheim og det heltidsansatte lokale naturoppsynet har arbeidssted tilknyttet sitt geografiske oppsynsområde, totalt 61 lokale kontorer, med til sammen 93 ansatte ved starten av 2011. Organisasjonen er delt i seks seksjoner; to kystseksjoner, to nasjonalparkseksjoner, en rovviltseksjon og en naturveilederseksjon.

Hovedoppgavene er informasjon og veiledning, i tillegg til kontroll, registrering, dokumentasjon, skjøtsel og tilrettelegging. I dette inngår også viktige oppgaver innen rovviltforvaltning, bl.a. bestandsregistrering og skadedokumentasjon knyttet til den lovfestede erstatningsordningen på bufe og tamrein. Virksomheten er basert på egne oppsynsstillinger i kombinasjon med kjøp av tjenester og samarbeid med andre oppsynsordninger lokalt og regionalt. SNO har også et overordnet ansvar for Skjærgårdstjenesten, en interkommunal ordning med hovedansvar for skjærgårdsparkene mellom Bergen og Halden. En viktig utfordring for naturoppsynet er å skape forståelse og respekt for regelverket som finnes på dette området.

Det blir lagt vekt på å etablere godt samarbeid med de andre aktørene innen naturopsyn. Dette gjelder både fjelloppsynet i regi av fjellstyrrene, Statskog Fjelltjenesten i Nordland og Troms, og politiet. Særlig er samordning med politiet viktig når det gjelder kontrolloppgavene. Samarbeidet er formalisert gjennom avtaler, rolleavklaringer og tjenestekjøpsavtaler. På denne måten blir naturoppsynet mer effektivt og profesjonalisert. Virksomheten er fortsatt i vekst og utvikler seg i tråd med de rammer som finnes i lovforarbeider og gjennom den løpende styringsdialogen med Miljøverndepartementet.

